

**MUSIKK UTAN MENN**

Etter at den svenska radiokomikaren Emma Knyckare tok initiativ til å samle inn pengar til ein festival heilt utan menn, vert Statement arrangert i august neste år. Festivalen er ein motreaksjon på alle festivalovergrea i Sverige i sommar.

— Jenter, transpersonar og andre skal kunne gå på festival utan å sjå seg over skuldra, uttala Knyckare.

Foto: Julia Lindemalm / Wikipedia




Cecilie Anna saman med produsent Gisle Østrem (t.v.) og Alex Wharton i Abbey Road Studios i London. Pressefoto

Songane på *I'm Here* har vorte til over ei årrekke. Den vesle instrumentalen «Den grøne dagen» laga Cecilie Anna då ho var ti år gammal, og «Baby Doll» vart til då ho var sytten – vi snakkar om eit stortalelt att i ung alder. «The Smallest Bird» er fersk nok til å vere skriven til minne om Leonard Cohen, ein dristig, men rorande og usentimental gest, særleg når songen ber i seg utviving, men likevel tydelege ekko frå låtkunsten til Cohen sjølv. Cecilie Anna har skrive «Morning Star» og «Old Love» ut frå eit ønske om at Dag og Tid-

favorittane Bill Callahan og Joe Henry skulle ville framføre dei, og det er ikkje så vilt som det kan høyrest ut. Ambisjonsnivået er høgt. Resultatet er framfrå. Ei «sakte-plate» – slik omtalar Cecilie Anna sjølv *I'm Here*, som er dedikert til far hennar, Hjalmar Rønnoweide, ein mann som var glad i musikk og sjølv spela trompet. Eg håpar albumet når mange lyttarar – og at vi har meir i vente etter kvart.

**ØYVIND VÄGNES**

Øyvind Vägnes er forfattar og fast musikkskribent i Dag og Tid.



# KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhabring@gmail.com



Bergenskomponisten Ketil Hvoslef (fødd 1939). Foto: Tor Hæk

## Variert og originalt

Volum fire i serien med Ketil Hvoslefs kammermusikkverk er påhittsamt instrumentert.

**CD**

KETIL HVOSLEF:  
**Chamber Works No. IV**  
YMSE MUSIKA-  
RAR. LAWO 2017

Ketil Hvoslef blei komponist via omvegar. Fyrst førebudde han seg til å bli kunstmålare, noko som enda i kontrovers dår politiet i Ljubljana, hovudstaden i Slovenia, arresterte han. Dette hadde nok heller praktiske enn kunstnarleg-intellektuelle grunnar: Sidan han måla ein offisiell bygning, mistenke styresmaktene han for å vera spion.

Den fyrste tilsetjinga som musikar fekk han då han som student var gartnar for direktoren ved Bergen Musikkonservatorium (i dag Griegakademiet). Då direktøren ynta frampå at han i grunnen hadde meir bruk for ein musikkteo-

rilærar enn ein gartnar, fekk han undervisningsstillinga.

**HØGT NIVÅ**

Sidan har Hvoslef, som er son til Harald Sæverud (han med *Kjempeviseslåten*), vore nært knytt til Griegakademiet, som er utdanningsinstitusjonen dei fleste musikarane på denne plata underviser ved. Volum 4 i serien, med alle Hvoslefs kammermusikkverk, er like forvitneleg som dei førre CD-ane i rekka: Ikkje berre at dei innspelte verka varierte og originale. Tolkingane til musikarane verkar òg gjennomtenkte og held høgt teknisk nivå.

Det fyrste verket, *Sekstett* (1972), er den eldste komposisjonen i heile CD-serien. At komponisten her har late seg inspirera av russaren Igor Stravinskij (1882–1972), er tydeleg. Høy berre på dei rytmisk gjentekne akkordane i opninga, som har noko av Stravinskij-balletten *Vårofferet* ved seg.

**FELER OG FLASKER**

Meir skjemtefullt er det tredje stykket på plata, *Nordisk kontrapunkt for feler og flasker*, som blei skrive som pauseinnslag til NRK-programmet Kontrapunkt i 1973. Besetninga består av to fiolinar og Hansa-ølfasker, der flaskeblasinga skapar ein lire-kasseaktig bass med enkeltonar som kontrasterer dei kontinuerlege, repeterande felemodiandiane.

Besetninga med Hansa-ølfasker kan elles syna seg problematisk i framtida. For som kjenn har Hansa sluttat med dei små, brune 0,33-literflaskene, dei som bli kalla «bjørnunger», og gått over til å tappa på boks. Det blir interessant å sjå korleis framføringspraksisen på Hvoslefs øl- og felestykke kjem til å bli løyst i framtida.

**SJUR HAGA BRINGELAND**

Sjur Haga Bringeland er musikar og fast musikkmedar i Dag og Tid.

## Jublande jesuittmusikk

**CD**

JAN DISMAS  
ZELENKA:  
**Missa Divi  
Xaverii**  
COLLEGIUM 1704  
DIR.: VÁCLAV  
LUKS. ACCENT 2017

Det tsjekkiske Collegium 1704 er utrøyttelege når det gjeld å gjeva verka til landsmannen Jan Dismas Zelenka (1679–1745) kjende gjennom innspeilingar. Denne gongen er det to store katolske kyrkjemusikkstykke me får, begge tileigna den heilage Franz Xavier, ein spansk jesuitt som misjonerte i Sør- og Aust-Asia på 1500-talet.

Komposisjonane er fabelaktige: Dei har ein melodisk lett-skap som i italiensk opera, men også grundige, naturlege akkordar som minner om tysk kyrkjemusikk. Koret og orkesteret presterer framfrå, men diverse kling ikkje solistane like bra som på dei andre platene med Collegium 1704. Den tsjekkiske sopranen Hana Blazíková er som alltid dugande. Men begge altane – og særleg tenoren – syng fleire plassar små feil (jamvel i repetisjonane). På konsert kan eg leva med slikt. Men eg har tenkt å lytta til denne CD-en mange gonger, og då irriterer det.

**SJUR HAGA BRINGELAND**

Japansk portrett frå 1600-talet av den heilage Frans Xavier (1506–1552).